



forum for
natur og **f**riluftsliv i
Sogn og **F**jordane

Sogndal kommune

Leikanger 17.08.2017

postmottak@sogndal.kommune.no

MERKNAD TIL OPPSTART AV PLANARBEID PÅ HAGASTRONDI, FIMREITE I SOGNDAL KOMMUNE.

Merknad frå Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet, Norsk Ornitologisk Forbund og Forum for natur og friluftsliv alle i Sogn og Fjordane.

Det er kunngjort at det vil bli starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for området rett innafør Storeholmen som er ein del av Fimreiteholmane naturreservat.

Det går fram av teksten at føremålet mellom anna er å regulere til fritidsbustader. Formålet er i samsvar med kommuneplanen står å lese:

«Føremål med detaljreguleringsplanen er å regulere til fritidsbustader med vegtilkomst, landbruk og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandområde. Føremåla er i samsvar med kommuneplanen.

Planen fører etter kommunen si førebelse vurdering ikkje til krav om konsekvensutgreiing, jf. § 4 - 2 i PBL.»

Ein viktig del av det å nytte hytte ved fjorden er tilgang til strandlinje og vatn med tilhøyrande aktiviteter som bading, padling, bruk av båt etc. Det kjem ikkje fram kor mange fritidsbustader som ønskes planlagd her, ei heller om plangrensa ut i sjø er tenkt for tiltak som til dømes utfylling og/eller mudring og brygger. Arealet elles består av god matjord på innmark. Av omsyn til jordvern er det lite berekraftig å bygge ned matjord til fritidsbustadar. Tala som er rapporterte inn til KOSTRA viser at Sogndal kommune har omdisponert heile 248 da frå jordbruk til andre føremål sidan 2005. Tilsvarende tal for Leikanger kommune er 79 da, vedlagt KOSTRA-statistikk

Tal fritidsbustadar vil vere avgjerande for kor mykje ny ferdsel ein kan få i sjø og som kan påverke naturreservatet negativt.

Ein veit ifrå før lite om korleis padling, båtutfart og ilandstigning i hekkeperioden påverkar området, bruken og hekkinga. Etter NML §9 om føre-var-prinsippet bør ein undersøkje i kva grad dagens bruk uroar hekkinga og kva uroing eit nytt «hyttefelt» kan føre til og om det vil

forringa verdien av området som hekkelokalitet for sårbare og raudlista sjøfugler, som har få andre alternative lokalitetar å nytte.

Ein veit for lite om konsekvensen av den aktiviteten som er i området i dag ved.

Fimreiteholmane. Ved ein større auke i bruk av området meiner vi difor at det er grunn for konsekvensutredning av tema friluftsliv, landskap og naturmangfald. Og slik finne ut om det er høve for å kunne kanalisere ferdsel skånsomt i høve omsyna til naturreservatet.

Frå verneforskriften står å lese «i tida frå og med 1. april til og med 31. juli er det i reservatet forbod mot ilandstiging og ferdsel på alt landareal, inkludert øyar, holmar og skjer, og på vatnet i ei sone ut til 50 meter frå land. Fritidsfiske og sportsdykking i 50 m- sone er også forbode i denne perioden.

Vi stiller oss undrande til korleis ein kan kombinere vidare utbygging av fritidsbustader i dette området med føremåla med vernet av sjøfuglane i hekketida. Mykje fordi tida for forbod faller saman med sommerferie. Det vil bli auka trykk på naturreservatet sidan fritidsbustader si strandlinje og leia ut til fjorden vil liggje «innstengt». Ved fjøre sjø vil dessutan evt. båt trafikk mellom holmen og land bli pressa nærare holmane for å oppnå tilstrekkelig djupne for båt og båtmotor.

Kva er tenkt av tiltak i sjø? Dette må koma klart fram. Vi ser både utfylling, mudring og bryggjeanlegg som sær s uheldig så nære Storholmen.

Fimreiteholmane naturreservart verna ved kongeleg resolusjon 28. mai 1993.

81 daa derav 21 daa landareal

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

Særlig viktig som hekkeplass for måsefuglar, men også for ulike arter av vadefuglar. På det meste er det påvist meir enn 100 par fiskemåsar , og eit tilsvarande tal makrellterner.

Fimreiteholmane er dessutan ein av ein handfull kjente hekkeplassar for hettemåse i Sogn og Fjordane. Hekkebestandane av desse artane har gått sterkt tilbake, og alle tre er no på den norske raudelista over truga arter. Det er ingen andre hekkeplasser av same slag i indre del av Sognefjorden. Av andre artar som er påvist hekkande kan nemnast tjeld, vipe, raudstilk, strandsnipe, småspove og svartbak.

Fimreiteholmane

Id

VV00000486

Kommuner

Sogndal

Offisielt navn

Fimreiteholmane naturreservat

Verneform

naturreservat

Verneplan

Verneplan for sjøfugl

Verneforskrift

<http://www.lovdata.no/for/lf/mv/xv-19930528-0513.html>

Vernedato

28.05.1993

Status revisjon

Ikke revidert

Forvaltningsmyndighet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

MOB-Land prioritet

G Ikke vurdert

Totalareal (fra kartobjekt)

81 daa

Landareal (fra forskrift)

21 daa

Sjøareal (fra forskrift)

50 daa

Forvaltningsplanstatus

Ingen plan

Skjøtselsplanstatus

Ingen plan

IUCN-status

IUCN IA

Planbehov

Forvaltningsplan

Trusselnivå

Truet

Overvåkingsbehov

Etablere overvåking

Tiltaksbehov

Behov

Generelt

Området består av to holmar: Storeholmen (19 da) og Vetleholmen (3 da) samt nokre mindre skjer. Begge holmane er flatlendte. Vegetasjonen er prega av gras. Begge holmane er hekkelokalitetar for fleire artar av måsefugl. Dei mest talrike artane er fiskemåse, hettemåse og svartbak. Andre registrerte artar: Tjeld, raudstilk, vipe og makrellterne. Det er ikkje registrert liknande hekkelokalitetar for måsefugl i dei indre delane av Sognefjorden. Fimreiteholmane er såleis av særleg stor verdi. Holmane blei tidlegare nytta til husdyrbeite. Det er ønskjeleg at holmane også iframtida vert utnytta som husdyrbeite for å hindre tilgroing av lauv- tre. Det har tidlegare vore naust/sjøhus på Storholmen. Holmane er i noko grad nytta i samband med friluftsliv/båttufart.

Verneformål

Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår, og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

Naturfaglig kvalitet

Det finst ikkje tilsvarende hekkelokalitetar for sjøfugl i dei indre delane av Sognefjorden, som generelt har svært få øyer og holmar.

Påvirkning

Det er ein del småbåttrafikk og badeaktivitet i området rundt. Omfanget av eventuell ulovleg ilandstiging i hekketida er ukjent, men truleg ein avgrensande faktor for sjøfuglane sin bruk av holmane. Etter at sauebeite på holmane slutta, har tilvekst av lauvkratt blitt eit problem.

Tiltak

Grunneigarane rydda etter avtale med Fylkesmannen lauvkratt på holmane i 2010, og denne aktiviteten vil forhåpentleg kunne vidareførast med jamne mellomrom. Reservatet inngår ikkje i Fylkesmannen og SNO sitt overvåkingsprogram (hekkefugltelling) fordi det ligg for langt unna "kjerneområdet" på kysten.

Dokumenter  [Markslagsstatistikk](#)

 [Vernekart](#)

Det viktigaste for desse artane å få fred på hekkeplassane. Sjølv kortvarig forstyrning kan føre til dødelig utgang for egg og ungar som følge av nedkjøling eller soloppvarming, eller fordi det blir liggande ubeskytta mot egg- og ungerøvarar (predatorer og folk).

Vi er difor uroa over den auka aktiviteten fritidsbustadar med påfølgjande aktivitet i sjø vil påføra området, og då særleg ved fjøre sjø, dvs kvar dag.

Med venleg helsing



Marit Vøien Nes, leiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane



Jan Ove Sagerøy, nestleiar

NOF, Norsk Ornitologisk Foreining avd. Sogn og Fjordane

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Sogn og Fjordane Turlag



Elisabeth Dahle, koordinator

Forum for natur og friluftsliv

Sogn og Fjordane

Kilder:

<http://www.sogndal.kommune.no/varsel-om-oppstart-av-detaljreguleringsplan-for-eigedomane-858-m-fl-paa-hagastrondi-paa-fimreite.6013104-396054.html>

<http://faktaark.naturbase.no/Vern?id=VV00000486>

<https://www.fylkesatlas.no/>

Eige kunnskap om området, frå sakshandsamer og lokalkjende i organisasjonane.

Epost sognogjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogjordane